

MØTEPROTOKOLL Kommunestyret

Møtedato: 24.05.2007

Stad: Kommunestyresalen

Handsama saker: Frå nr. 22 - 28

Frå kl. 17:00 til kl. 20:30

Innkalte:

Funksjon	Namn	Forfall	Møtt for
Medlem	Dagfinn Bøygard		
Nestleiar	Tore Bøygard		
Medlem	Terje Holstad		
Medlem	Ole Tom Nord		
Medlem	Lise Løvdokken Stolen	FO	
Medlem	Torhild M Helling Bergaplass		
Medlem	Jens Morten Bogstad		
Medlem	Knut Haug		
Medlem	Frøydis Stoveland Dekko		
Medlem	Inger Elise Kaslegard		
Medlem	Sunniva Vikøy Berg		
Medlem	Ivar Magne Brevik		
Medlem	Knut Oleivsgard		
Medlem	Ingvard Solberg		
Medlem	Kjell Arne Haavaldsen		
Medlem	Per Ove Nybråten		
Medlem	Halvor Brattegard	FO	
Leiar	Torleif T. Dalseide		
Medlem	Anne Kjersti Frøyen		
Medlem	Eilif Gundersen		
Medlem	John Storhaug		
Medlem	Sissel Urke		
Medlem	Ida Marie Holen		
Medlem	Sverre Leslie Mostue		
Medlem	Tor Veslegard		
Varamedlem	Helge Olav Uhlen		Lise Løvdokken Stolen
Varamedlem	Eldgrim Hagen Springgard		Halvor Brattegard

Diverse merknader:

Frå administrasjonen møtte rådmann Trond Kleppen og ass. rådmann Kenneth Nordahl-Pedersen.

Underskrifter:

Torleif T. Dalseide

Ida Marie Holen

Knut Oleivsgard

Møteprotokollen er sendt:

Medlemmer, faste varamedlemmer for kvart parti og evt. andre varamedlemmer som møtte, sektorane, rådmannen, kontrollutvalet, revisjonen, økonomiavdelinga, utviklingsavdelinga, eldrerådet, Ål bibliotek og pressa.

SAKSOVERSIKT

Saksnr.	Arkivsaksnr.	Tittel
22/07	07/654	ÅRSMELDING OG REKNESKAP 2006
23/07	06/827	OMBYGGING TINGSTUGU
24/07	07/280	HANDLINGSPROGRAM 2007
25/07	07/624	INTERKOMMUNAL BARNEVERN SVAKT - AVTALE
26/07	07/331	ÅL BYGG & HYTTESERVICE A/S - SØKNAD OM TILSKOT
27/07	03/1123	EIGENGODKJENNING AV REGULERINGSPLAN TORSTEINSLÅTTA 25/25 OG DEL AV 25/7
28/07	07/767	MELDINGAR OG ORIENTERINGSSAKER TIL KOMMUNESTYRET 24.05.07

ÅRSMELDING OG REKNESKAP 2006

Formannskapet si innstilling:

1. Ål kommunestyre godkjenner den framlagde rekneskapen for 2006, med eit mindreforbruk på 12.530.428,94 kroner etter avsetning med 1.805.751 kr til sjølvkostfond.

Kommunestyret vedtek følgjande disponering av årets mindreforbruk:

Årets mindreforbruk drift :		kr 12.530.428,94
Avsetning trivselsfond :	kr 400 000,00	
Avsetning til tapte fordringer	kr 100 000,00	
Avsetning til disp/reservefond	kr 1.250 983,81	
Avsetning til mva-fond	kr 1.000 000,00	
Dekking av underskot invest.prosj	kr 4 279 445,13	
Avsetning til utbyggingsfond	kr 5.500 000,00	- <u>12.530 428,94</u>

2. Ål kommunestyre er kjent med årsmeldinga for Ål kommune for 2005 og tek meldinga til orientering.

Handsaming:

Formannskapet si innstilling vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Ål kommunestyre godkjenner den framlagde rekneskapen for 2006, med eit mindreforbruk på 12.530.428,94 kroner etter avsetning med 1.805.751 kr til sjølvkostfond.

Kommunestyret vedtek følgjande disponering av årets mindreforbruk:

Årets mindreforbruk drift :		kr 12.530.428,94
Avsetning trivselsfond :	kr 400 000,00	
Avsetning til tapte fordringer	kr 100 000,00	
Avsetning til disp/reservefond	kr 1.250 983,81	
Avsetning til mva-fond	kr 1.000 000,00	
Dekking av underskot invest.prosj	kr 3.226.245,13	
Avsetning til utbyggingsfond	kr 6.553 200,00	- <u>12.530 428,94</u>

2. Ål kommunestyre er kjent med årsmeldinga for Ål kommune for 2006 og tek meldinga til orientering.

Saksnr. 23/07

OMBYGGING TINGSTUGU

Formannskapet si innstilling:

Ål Kommunestyret gir rådmannen fullmakt til å starte ombygging / ominnreiing av eksisterande lokaler i Tingstugu innafor ei kostnadsramme på 2,5 mill kroner. Ombyggingsprosjektet har som mål å gi kontorplass for inntil 10 nye medarbeidarar i Tingstugu, og skal om mogleg ha byggestart sept-2007 med ferdigstilling februar-2008. Restaurering av rettsalen skal skje innafor ombyggingsprosjektet.

Handsaming:

Framlegg frå Ida Maria Holen (Frp):

Ål kommunestyre krever at ombygginga ved Tingstugu også tilfredsstillar kravet om universell utforming. Dette innebærer at det bygges heissjakt og installerer heis i alle etasjer i bygget. Heisen kan godt byggjast på utsida av bygget.

Framlegget fekk 3 røyster (2 Frp+1 SV) og vart ikkje vedteke.

Framlegg sett fram av ordføraren:

Kommunestyret ber rådmannen vurdere korleis me kan betre tilgangen til funksjonshemma i Tingstugu i samband med ombygginga, og leggje dette fram som sak for kommunestyret.

I og med at framlegget til Frp falt vart det omforeinte framlegget samrøystes vedteke.

Vedtak:

Ål kommunestyre gir rådmannen fullmakt til å starte ombygging / ominnreiing av eksisterande lokaler i Tingstugu innafor ei kostnadsramme på 2,5 mill kroner. Ombyggingsprosjektet har som mål å gi kontorplass for inntil 10 nye medarbeidarar i Tingstugu, og skal om mogleg ha byggestart sept-2007 med ferdigstilling februar-2008. Restaurering av rettsalen skal skje innafor ombyggingsprosjektet. Kommunestyret ber rådmannen vurdere korleis me kan betre tilgangen til funksjonshemma i Tingstugu i samband med ombygginga, og leggje dette fram som sak for kommunestyret.

Saksnr. 24/07

HANDLINGSPROGRAM 2007

Formannskapet si innstilling:

Ål kommunestyre godkjenner Handlingsprogram for 2007. Styringsgruppa for omstillingsprogrammet blir gjeve fullmakt til å gjera prioriteringar mellom dei enkelte prosjekt og å ta inn nye prosjekt i programmet i 2007.

Handsaming:

Formannskapet si innstilling vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Ål kommunestyre godkjenner Handlingsprogram for 2007. Styringsgruppa for omstillingsprogrammet blir gjeve fullmakt til å gjera prioriteringar mellom dei enkelte prosjekt og å ta inn nye prosjekt i programmet i 2007.

Saksnr. 25/07**INTERKOMMUNAL BARNEVERN SVAKT - AVTALE****Formannskapet si innstilling:**

Ål kommune går inn for avtala om regional barnevernsvakt i Hallingdal, administrert av Ål kommune, med iverksetting 1 september 2007. Oppvekstsektoren får auka si ramme med 80.000 kroner frå 2008, under føresetnad at Hol sluttar seg til ordninga.

Handsaming:

Frøydis Stoveland Dekko (Krf) gjekk frå som inhabil. 24 representantar handsama saka.

Ordføraren gjorde framlegg om justering av pkt. 4 i avtalen til:

I tidsrommene nevnt i pkt. 2, skal to personer ha hjemmevakt

Vidare vart ordlyden i vedtaket endra til

”Oppvekstsektoren får auka si ramme med kr 30.000,- i 2007, dekt frå reservefondet, og kr 80.000,- vert lagt inn i ramma for 2008. Vedtaket er gjort under føresetnad av at Hol sluttar seg til ordninga.

Formannskapet si innstilling med endringar vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Pkt. 4 i avtala skal lyde: I tidsrommene nevnt i pkt. 2 skal to personer ha hjemmevakt.

Ål kommune går inn for avtala om regional barnevernsvakt i Hallingdal, administrert av Ål kommune, med iverksetting 1 september 2007. Oppvekstsektoren får auka si ramme med kr 30.000,- i 2007, dekt frå reservefondet, og kr 80.000,- vert lagt inn i ramma for 2008. Vedtaket er gjort under føresetnad av at Hol sluttar seg til ordninga.

Saksnr. 26/07**ÅL BYGG & HYTTESERVICE A/S - SØKNAD OM TILSKOT****Formannskapet si innstilling:**

Ål kommunestyre løyver inntil 10 % av totalkostnaden, avgrensa til kr. 136.000 til Ål Bygg & Hytteservice AS til kjøp og utvikling av ny lagerhall i Vats. Tilskotet blir løyvd frå konto nr. 1.47--.4000.3252.903 Næringsfond 2007 og utbetalt i samsvar med vedtekne retningslinjer.

Handsaming:

Formannskapet si innstilling vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Ål kommunestyre løyver inntil 10 % av totalkostnaden, avgrensa til kr. 136.000 til Ål Bygg & Hytteservice AS til kjøp og utvikling av ny lagerhall i Vats. Tilskotet blir løyvd frå konto nr. 1.47--.4000.3252.903 Næringsfond 2007 og utbetalt i samsvar med vedtekne retningslinjer.

Saksnr. 27/07**EIGENGODKJENNING AV REGULERINGSPLAN TORSTEINSLÅTTA 25/25 OG DEL AV 25/7****Vedtak i STNR:**

1. Sektorutval for teknisk, næring og ressurs tilrår at reguleringsplan for Torsteinslåtta, med tilhørande føresegner, datert 23.01.07 vert godkjent med følgjande endringar:

I føresegnene endrast §3 til:

”Før brukstillatelse kan gis for nye boenheter skal ny veg forbi Torsteinslåtta være etablert”.

2. Når denne endringa er gjort, vert planen oversendt kommunestyret for eigengodkjenning med følgjande:

STNR si innstilling:

I samsvar med § 27 i plan- og bygningsloven eigengodkjenner Ål kommunestyre reguleringsplan for Torsteinslåtta med tilhøyrande føresegner, datert 23.01.07.

Handsaming:

STNR si innstilling vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

I samsvar med § 27 i plan- og bygningsloven eigengodkjenner Ål kommunestyre reguleringsplan for Torsteinslåtta med tilhøyrande føresegner, datert 23.01.07.

Saksnr. 28/07**MELDINGAR OG ORIENTERINGSSAKER TIL KOMMUNESTYRET 24.05.07****Rådmannen si innstilling:**

Ingen.

Handsaming:

Framlegg frå Knut Haug (H):

Kommunestyret ber om å få som sak til juni-møtet i år der spørsmålet om det etter kommuneplanen er lov til å vøla/renovera eksisterande stølsbuer, herunder riva den gamle og bygga ny, sjølv om det er det aktuelle tildspunktet ikkje er husdyr på garden. Saka vil også gjelda for dei som er med i fellesstølar.

Det er i dette spørsmålet naudsynt med nærare avklaring for administrasjonen og STNR, jamf. sak om vøling av stølsbu på Kråkhamar handsama i STNR 22.05.07.

Framlegget frå Haug om sak til kommunestyret fekk 5 røyster (3H+2Frp) og vart ikkje vedteke.

Ordføraren gjorde framlegg om at saka skulle oversendast til kommuneplanutvalet.

Framlegget frå ordføraren om at saka blir oversendt til kommuneplanutvalet for handsaming i juni fekk 20 røyster og vart vedteke.

Vedtak:

Framlegg frå ordføraren om at saka blir oversendt til kommuneplanutvalet for handsaming i juni fekk 20 røyster og vedteke.

Elles ingen vedtak.

Rett utskrift, Ål 29.05.07

Kenneth Nordahl-Pedersen
ass.rådmann (sign.)